

Høyringsbrev

Vår ref.: 15/3209

Høyring - forslag til endringar i psykisk helsevernloven – kontroll for å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, farlege gjenstandar og rømmingshjelpemiddel
Det blir meldt om funn av våpen, andre farlege gjenstandar og rusmiddel, særleg i dei akuttpsykiatriske avdelingane. Det blir rapportert om branntilløp, sjølvdrap, voldelege og trugande episodar. Pasientane får mindre utbytte av behandlinga og tilsette og medpasientar føler seg utrygge. Helse- og omsorgsdepartementet foreslår derfor endringar i psykisk helsevernloven om utvida tilgang til å gjennomføre sikkerheitskontrollar i det psykiske helsevernet.

Institusjonar for døgnopphald skal kunne innføre rutinekontroll av person (kroppsvisitasjon) og eigedelar når pasienten kjem til institusjonen. Formålet med kontrollane skal vere å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, rømmingshjelpemiddel og farlege gjenstandar. I dag kan slik kontroll berre gjennomførast når det ligg føre ein konkret mistanke om innføring av noko som kan utgjere ein sikkerheitsrisiko.

Alle pasientar som kjem til ein institusjon i det psykiske helsevernet, uavhengig av om det dreier seg om døgn-, dag- eller poliklinisk behandling, skal kunne kontrollerast når det ligg føre ein grunngeven mistanke om at pasienten har med seg noko som kan utgjere ein sikkerheitsrisiko for dei sjølve, andre pasientar eller tilsette. I dag er lovheimelen for slik kontroll avgrensa til institusjonar for døgnopphald.

Forslaga gjeld både for pasientar som er frivillig innlagte og pasientar som er innlagte til tvungent psykisk helsevern.

Ny løysning for høyringssvar

Departementet har innført ei ny løysning for høyringssvar. Høyringssvar kan avgjevast digitalt på denne sida.

Høyringsinstansane kan registrere seg, mellomlagre svaret og laste opp vedlegg.

Høyringsinstansane kan også sende høyringssvar utan å registrere seg.

Høyringsinstansane blir bedne om å vurdere om saka bør sendast til underliggende etatar eller verksemder, tilknytte verksemder, medlemmar e.l.

Alle kan avgje høyringsuttaler. Uttaler er som hovudregel offentlege etter offentleglova og vil bli publisert.

Høyringsfristen er sett til **8. januar 2016**.

Med vennleg helsing

Kari Sønnerland (e.f.)
ekspedisjonssjef

Eldrid Byberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrevne signaturar.